


# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2024



Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Kinn, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengda og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2023 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det nye styret som vart oppnemnd av Miljødirektoratet ser slik ut:

Namn	Funksjon	Representører	Vararepresentant
Jacob Andre Telvik Nødseth	Styreleiar	Kinn	Anne Marit Seljeseth
Katrine Anita H. Heggelund	Nestleiar	Gloppen	Bernt Reed
Henny M. Hansen	Styremedlem	Bremanger	Norvall Klungresæter
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland	Kaya Stæger-Breisnes

Styret har hatt fire styremøte i 2024. Det første og konstituerande møtet var i Sogndal i april, i samband med kompetanseprogram for dei nye nasjonalpark- og verneområdestyre. So var det eitt styremøte i mai som var i samband med synfaring til Vingen, eitt styremøte på teams i september og eitt fysisk møte i Florø i desember. Styret har handsama totalt 24 styresaker og 10 referatsaker i desse møta.

I april var det som nemnt over her kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyra som vart oppnemnd etter valet hausten 2023. Det vart arrangert felles kompetanseprogram for styra i Vestland fylke, pluss nokre styre frå tilgrensande fylke.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er som vanleg låg, samanlikna med dei fleste andre nasjonalparkar og store landskapsvernområde. Det er eit område som ligg utilgjengeleg til, har særskilt få bygningar og lite aktivitet av typen som treng løyve.

Det var ingen bygge- eller inngrepssaker i Ålfotbreen i 2024.

Motorferdsel:

- Leidulv Solvang fekk fornøya fleirårig løyve til å lande med helikopter i samband med hjortejakt og uttransport av hjortekjøt.
- Flora turlag fekk løyve til helikopterlandinger ved Gjegnabu i samband med bygging av sikringshytte. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- SFE Produksjon fekk løyve til å lande med helikopter i samband med bygging av ny bremålingshytte nord for Ålfotbreen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Administrative saker:

- Konstituering etter oppnemning av nytt styre og andre saker i samband med det.
- Søknad om tiltaksmidlar, fordeling og oppfølging av bruken av desse.
- Oppfølging av prosessen med supplerande vern, og muleg endring av verneform til nasjonalpark.
- Revidering av tiltaksplan
- Økonomistyring
- Høyringar

Verneområdeforvaltar har fått delegert mynde til å fatte vedtak i saker av kurant karakter. Det vil seie saker kor man har forvaltningspraksis eller retningslinjer og støtte seg på, og som ikkje er kontroversielle, prinsipielle eller kompliserte. Delegert mynde sørger for ei effektiv sakshandsaming og mindre byråkrati i dei kurante sakene og dei sakene som hastar. To av sakene i 2024 vart handsama med delegert mynde.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2024	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader
Drift styre + driftsstøtte	310 000	269 576	140 000	153 302	170 000	116 274
Planmidlar	0	0	0	0	0	0
Tiltaksmidlar	800 000	693 852	600 000	513 678	200 000	180 174
<b>Tot</b>	<b>1 110 000</b>	<b>963 428</b>	<b>740 000</b>	<b>666 980</b>	<b>370 000</b>	<b>296 448</b>

Bruken av tildelte midlar i 2024 har vore kontrollert og nøktern. Drifta av styret gjekk ein god del under budsjett, til tross for kompetanseprogrammet i Sogndal i april. Ein av årsakene til underforbruket er at ikkje alle styremedlemmene sender inn krav om møte- og reisegodtgjersle for alle møta. Til drifta av sjølve styret brukte vi om lag 96.000 av eit budsjett på 120.000.

Inkludert i driftsbudsjettet er og driftsstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur. Dette er ei ny tildeling som nasjonalpark- og verneområdestyra fekk første gong i 2024. Det er ganske frie midlar som styra kan bruke til både planlagde og oppdukkande behov innan drift og vedlikehald av infrastruktur og ulike anlegg. Vi fekk 50.000 til dette føremålet, og brukte om lag 20.000 av dei.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre søkte om kr 261.000 i tiltaksmidlar for 2024, fordelt på seks ulike tiltak. Styret fekk tildelt kr 200.000 i tiltaksmidlar til fordeling på tiltaka. Alle tiltak vart godkjent av direktoratet og kunne brukast midlar på.

To av tiltaka gjekk begge på rydding og merking av stiar i område som grensa til kvarandre, so dei to tiltaka vart slått saman og sett på samla. Her var det då totalt 50.000 tilgjengeleg til arbeidet, men av ulike årsaker vart det berre brukt 7.000 til føremålet.

Det vart gjort ein ganske stor jobb på stien til Blåbrebu, og meir konkret hengebrua over elva ved Grøndalsstøylen. Denne vart utbetra i juni 2024. Brua vart stramma opp og fekk sterkare og sikrare forankring på vestsida. Det vart bygd trapp opp og inn på bruva på austsida og det vart lagt breiare dekke på bruva. Det vart og rydda vekk ein del gammalt skrot og avfall. Arbeidet vart utført av eigne ressursar (SNO og forvaltar) og kostnadane vart derfor ganske låge.

Når våren kom viste det seg at bruva ved Skarvevatnet (som vi sette opp i 2021) hadde fått skade gjennom vinteren og måtte reparerast. Vi fekk tak i naudsynte deler og utstyr, men grunna mykje därleg ver i fjellet tok det tid før vi fekk reparert bruva. Dette vart gjort i starten av november. Dette arbeidet var naturleg nok ikkje planlagt på førehand, so vi måtte hente midlar frå andre tiltak for å få gjennomført det. Arbeidet vart også her gjort av SNO og forvaltar, men med litt innleigd hjelp.

Parkeringsplassen i Grøndalen, og avgrensing av innkørysle i tråd med krav frå fylkeskommunen, vart gjort ferdig i 2024. Dette var arbeid som var planlagt og betalt i 2023 med midlane frå det året, men fullført i 2024. Det vart og gjort ein jobb med reperasjon av parkeringsplassen etter flaum i desember 2023. Den jobben vart dekka av driftsstøtta som vi fekk til vedlikehald og drift av infrastruktur.

Mot slutten av 2024 vart det bestilt inn to nye informasjonsskilt med plakatar. Desse blir levert og montert i 2025.

Tiltaksmidlane i 2024 vart brukt slik:

Tiltak/prosjekt	Forbruk
Rydde og merke stiar i Grøndalen og omegn	7.000
Sti til Blåbrebu / Hengebru ved Grøndalsstøylen	39.377
Reparere bru ved Skarvevatnet	69.962
Informasjonsskilt	63.834
<b>Totalt</b>	<b>180.173</b>

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet for perioden 2023 - 2026 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Vi har hatt utfordringar med å finne grunneigarrepresentant frå Bremanger kommune.

Rådgjevande utval hadde møte i Svelgen 26.september. Der møtte fire av representantane frå utvalet, tre av medlemmene i verneområdestyret, naturoppsyn og verneområdeforvaltar. Det var eit godt og konstruktivt møte med engasjerte representantar og gode innspel.

## 6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Ålfotbrean LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 20.juni. Turen gjekk til Grøndalen og til Florø.

I Administrativt kontaktutval diskuterer vi saker og tema som går på tvers av kommunegrensene og har felles interesse. I tillegg jobbar vi for å få til ei mest mogeleg lik og føreseieleg forvaltning i og rundt landskapsvernombordet, uavhengig av kva kommune det er snakk om.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Anders Espeset – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

## **7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt**

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik. Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Naturopsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen er Rune Holen. Naturopsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltinga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særskilt godt! I tillegg til Rune vert det leigd inn andre ressursar ved behov.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2023 vore kontorlass for verneområdeforvaltaren, Statens naturopsyn og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særskilt godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ikkje fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særskilt godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren, saman med dei andre forvaltarane som er tilknytt Statsforvaltaren i Vestland og dei andre fagpersonane.

### Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Ulike faglege webinar i regi av Miljødirektoratet
- Kompetanseprogram for dei nye verneområde- og nasjonalparkstyra, Sogndal 3.- 4.april
- Kurs i KGV / Offentleg innkjøp i Oslo 23.april

### Foredrag

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 15.februar
- Undervisningsopplegg med Klima- og miljølinja på Firda vidaregåande skule, 4.oktober.

### Møteverksemd

- Avdelingsmøter, samlingar og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltinga av villrein. Verneområdeforvaltaren og naturopsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

## 8. Bilete frå 2024



**Bilete 1 og 2.** Verneområdestyret har styremøte i Vingen i Bremanger 27.mai, med utsikt til Frøysjøen og Hornelen. Vi fekk guida omvisning og informasjon om helleristningane, bruken av området og skjøtselsarbeid.



**Bilete 3.** Hengebrua ved Grøndalsstøylen etter utbetring.



**Bilete 4.** Trapp opp til hengebrua på austsida.



Bilete 5. Forsterka forankring og betre tilkomst på vestsida av hengebrua.



Bilete 6. Brua ved Skarvevatnet våren 2024. Konstruksjonen har fått seg ein «knekk» i løpet av vinteren og må reparerast. To store røyr i den berande konstruksjonen er bøygde og må byttast ut.



**Bilete 7.** Brua er løfta av og dradd på land. Vi startar reperasjon og utbytting av øydelagde delar.



**Bilete 8.** Brua er reparert, forsterka og satt på plass att. Vi må tilbake våren 2025 og sette på plass rekksverk og gjere bruha klar for sommarsesongen 2025.